

## Kjære konfirmant!

Me har den store glede å invitere deg til å vere konfirmant i Nærbø kyrkje 2024.



I konfirmasjonstida får du lære meir om deg sjølv og Gud. Du får høve til å utforske nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Me snakkar om livet – på godt og vondt. Samstundes får du oppleve mykje nytt. Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen.

Gjennom konfirmantopplegget vårt ønskjer me at du skal få vere med på eit spennende år med mykje sosialt, god undervisning og ein kjekk weekend.

De velger dato for konfirmasjon ved påmelding. Klokkeslett blir fordelt seinare, og kan ikkje velgast når ein melder seg på.

### Konfirmasjonsdatoer 2024: Laurdag og søndag 4. og 5. mai Laurdag og søndag 11. og 12. mai

Me ønskjer at konfirmantåret i kyrkja skal vere variert. I løpet av året blir det:

- Undervisning i grupper og samtaler i smågrupper.
- Heimegrupper, der konfirmantane i grupper får komme heim til folk.
- KonfCup - ein uhøgtidelig og kjekk kveld saman med dei andre konfirmantane i Hå.

- Ulike gudsteneste-former og innsyn i dei ulike tradisjonane knytta til gudstenesta.
- Weekend (sjå under).
- Fasteaksjon, der konfirmantane får gå med bøsse og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp.



## Weekend

For konfirmanter i 2024 vert weekend først til våren.

Turen går til Audnastrand i Lindesnes. Dette vert helga **5-7 april 2024**.

Pris for weekenden er kr. 1.000 pr. person, og me håper at alle har lyst å vere med på dette. Påmelding til weekend kjem i januar 2024.

På weekenden vil me leggja vekt på aktivitetar og det sosiale. Målet er å bli betre kjent med kvarandre. Det blir óg nokre timar med god undervisning. Mat er inkludert i prisen.

---

Me ønskjer å melde alle konfirmantane i Nærbø kyrkje inn som eit lokallag i NMSU. Dette er eit uforpliktende medlemskap, og gjer oss god støtte (Frifond) frå staten til konfirmant-arbeidet. Om de ikkje ønskjer at me melder inn din konfirmant, kan du velge dette ved påmeldinga.

Me ber dykk notere eit par viktige datoer allereie no:

- Det vert eit informasjonsmøte for konfirmantar og foreldre tysdag 22. august kl. 18-19.
- Oppstart av undervisninga skjer i veke 36. Valg av tidspunkt skjer på informasjonsmøtet.
- Presentasjonsgudsteneste søndag 10. september kl. 11.00. Her er det viktig at alle konfirmantane er til stades, gjerne saman med foreldre og familie.

---

## Pris og påmelding

- Konfirmantåret kostar kr. 650,-
- Konfirmantbilete kr. 275,-
- Weekend kr. 1.000,-

Kryss óg av om du ønskjer konfirmantbilete som blir tatt våren 2024.

Betaling skjer ved påmelding på heimesida <http://konfirmant.nærbøkyrkje.no>.

## Påmeldingsfrist: 23. juni


Me ønskjer ikkje at økonomi skal vere eit hinder for å delta i konfirmant-opplegget i kyrkja. Ta kontakt med kyrkjeverge på 51 43 62 27 for info om dette.

### Kontaktinformasjon

Hå kyrkjekontor: 51 43 62 10

Kateket Møyfrid Garborg  
982 20 855

[moyfrid.garborg@hakyrkja.no](mailto:moyfrid.garborg@hakyrkja.no)



# KONFIRMAN†



DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø kyrkje

*Levande tru*